

Referat – programstyremøte tysk – 04.09.13

Til stades:

- Faste medlemer: Karl Ekroll, Kjetil Berg Henjum, Melissa Boege (stud.repr.), Sissel Læg Reid, Tor Jan Ropeid og Åsta Haukås.
- Andre: Anna Heermann, Espen Ingebrigtsen, Jutta Schloon, Tove Sæthre, Guro Sandnes (ref.).

1. Orienteringssaker:

- To nye stipendiatar fom. hausten 2013: Jutta Schloon og Guro Sandnes. I tillegg kvotestipendiat frå Kamerun, som byrja i august: Ghislaine Moutombi.
- Semesterstart: Det er om lag 25 påmeldte studentar til fjerntysk.
- Jan Paul Pietzuch har sagt opp pga. ny jobb. Ny DAAD-lektor vil truleg vere på plass først fom. haustsemesteret 2014. Faget ønskjer òg å få ein «Sprachassistent» frå DAAD.
- Søknad Norgesuniversitetet: Prosjektet «Digitysk» er med i 2. runde. Henjum leiar arbeidsgruppa for søknaden, som vil arbeide vidare med søknaden fram til andre søknadsrunde. Eit hovudsatsingsområde er etterutdanning av lærarar. Her vil Haukås kome inn som «konsulent». Andre forslag som kom opp, var kurs for ingeniørar og næringsliv. Sidan det vil vere vanskeleg å dekkje alle interessegrupper, blei det foreslått å fokusere på etterutdanningskurs for lærarar.
- Prøveforelesingar og intervju til stilling som førsteamanuensis i litteratur 17. september.
- Fagrådsmøte i juni. Nytt møte blir i juni 2014. Fagmiljøet vil på førehand ta opp saker internt på lærarmøter, i god tid før fagrådsmøtet.
- SAK-emna starta opp for første gong i inneverande semester. Det blir ikkje videooverføring i SAK-emna i tysk, grunna manglande studentar på begge dei to lærestadane UiB og NTNU. Ingvild Folkvord frå NTNU vil likevel ha noko av undervisninga på TSAK318 (litteratur), som Læg Reid er emneansvarleg for. Faget bør setje fokus på rekruttering til masternivå.

2. Publiseringsskanalar (diskusjonssak)

I slutten av oktober er det frist for å sende inn endringsforslag i samansetninga av publikasjonsskanalar på nivå 2. Åsta Haukås foreslår å flytte Deutsch als Fremdsprache til nivå 2 og flytte ned eit litteraturvitskapleg tidsskrift til nivå 1. Bakgrunnen for forslaget er at det ikkje er mogleg å publisere artiklar i tidsskrift på nivå 2 på tysk; ingen tyskspråklege tidsskrift er på nivå 2. Samtidig er det mange litteraturvitskaplege tidsskrift på nivå 2, men få på språkvitskap. Det kom forslag om å i staden flytte opp t.d. Zeitschrift für interkulturelle Fremdsprachenunterricht, som er meir empirisk retta enn Deutsch als Fremdsprache.

Fagrådet i tysk har allereie foreslått å flytte LiLi frå nivå 1 til nivå 2, og Spiegel der Letteren frå nivå 2 til nivå 1.

Åsta Haukås tek kontakt med didaktikarane ved dei andre institusjonane for å spørje kva tidsskrift som er ønskeleg å foreslå på nivå 2. Litteraturvitarane diskuterer seg i mellom kva tidsskrift ein skal foreslå å flytte til nivå 1. Frist: 18. oktober.

3. Norwegische Beiträge zur Germanistik (diskusjonssak)

UiO foreslo på fagrådsmøtet i tysk å vidareføre Osloer Beiträge zur Germanistik som eit fellesprosjekt på tvers av institusjonane. For tyskfaget ved UiB inneber det at Institutt for framandspråk må bidra til å finansiere tidsskriftet, og ein må vere førebudd på å sitje i redaksjonsråd, utan å få poeng eller andre påskjøningar for det.

Vedtak: Programstyret stiller seg bak forslaget om å vidareføre OBG som NBG.

4. Endringar i studieplanar og emneomtalar (vedtakssak)

Forslag til strukturelle endringar:

- Studieplanar for bachelor- og masterprogramma: Legge til fagdidaktikk/språkinnlæring under høvesvis Studieveggar og Kompetanse for vidare studium. *Vedteke*
- TYS111, obligatoriske arbeidskrav: Alle studentane må gjennomføre elektronisk emneevaluering via Mi side.
Forslaget blei ikkje vedteke, m.a. fordi evaluering ikkje er fagleg arbeid. I staden skal faget arbeide meir med å følgje opp evalueringa, for å få fleire studentar til å gjennomføre den.
- TYS317, Obligatoriske arbeidskrav: innføre ei kort øvingsoppgåve i tilknytning til undervisninga. *Vedteke*
- TYS311, TYS314 og TYS317, Vurderingsformer: Den skriftlege oppgåva skal skrivast på to veker (endra frå tre veker). *Vedteke*
- TYS251 og TYS252: bacheloroppgåve foreslått endra til semesteroppgåve. *Vedteke*
- TYS314: heimeeksamen foreslått endra til skriftleg oppgåve. *Vedteke*
- TYS201/251: legge til fagdidaktikk under Mål og innhald. *Vedteke*

Elles mindre redaksjonelle endringar.

5. Val til instituttrådet.

Åsta Haukås blei (av gruppe A) valt til medlem av instituttrådet for tyskfaget.